

# Velferdsplanlegging i økologisk mjølkeproduksjon

BRITT HENRIKSEN<sup>1</sup>, CECILIE MEJDELL<sup>2</sup> OG BERIT HANSEN<sup>3</sup>  
Bioforsk Økologisk<sup>1</sup>, Veterinærinstituttet<sup>2</sup>, Bioforsk Nord Tjøtta<sup>3</sup>

## Innleiing

I økologisk mjølkeproduksjon er det eit grunnleggande mål å fremme dyra si helse og velferd på ein best mogleg måte. Fokuset i regelverket for økologisk produksjon er førebygging av sjukdom ved riktig føring og handtering, og å legge til rette for at dyra skal kunne utfalde seg mest mogleg i trå med sin naturlege åtferd og biologi. Regelverket skal ivareta både omsyn til miljø, menneske og dyr. Det er derfor mellom anna restriksjonar på kva type behandling og medisiner ein kan gi dyra om dei blir sjuke, og det kan krevje meir av den som steller dyra og driv garden økologisk enn ved konvensjonell produksjon. God planlegging av drifta vil derfor vere ekstra viktig i økologisk produksjon. Praktisk erfaring og forskning har vist at økologisk godkjenning ikkje automatisk betyr god produksjon og dyrevelferd. Manglande medvit og kunnskap kan hindre ordentleg implementering av økologiske reglar, og ikkje minst dei økologiske prinsippa (IFOAM Basic Principles) som går ut over reglane. Tidlegare EU-nettverk innan dyrehelse og dyrevelferd, NAHWOA (NAHWOA Final Report, 2001) og SAFO (Rymer *et al.*, 2006) ga anbefaling om helse og velferdsplanar på økologiske bruk, som bør brukast som eit arbeidsreiskap og oppdaterast jamleg. Storbritannia har i fleire år hatt krav om helseplanar for dyrehaldet for å drive økologisk produksjon, der fokuset først og fremst har vore førebygging av sjukdom og infeksjonar. Fleire andre land har også hatt fokus på helse og velferdsplaner, enten via prosjekt eller enkelttilbod som Økologisk ku-komfort i Norge (Henriksen *et al.*, 2008) eller Staldskoler ("fjøskskular") i Danmark (Vaarst *et al.*, 2007).

Eit treårig europeisk prosjekt "Minimising medicine use in organic dairy herds through animal health and welfare planning" (ANIPLAN) har sett på om aktiv og velplanlagt forbetring av husdyras helse og velferd og sjukdomsførebygging kan vere effektivt for å minimere bruken av medisinar i økologiske mjølkekubesetningar. Prosjektet har vore eit samarbeid mellom elleve institusjonar i sju land og er finansiert av forskingsråda i dei respektive landa via CORE Organic, knyta til The European Research Area.

Prosjektet hadde ulike tilnæringsmåtar for å gjennomføre velferdsplanlegging på økologiske mjølkeproduksjonsbruk, med ulike kombinasjonar av rådgiving, "fjøskskular" og velferdsvurdering. Prosjektet har utvikla eit sett felles

planleggingsprinsipp basert på evaluering av tidligare erfaringar og erfaringar i prosjektet. I denne artikkelen vil vi gå nærmare inn på dei ulike prinsippa for velferdsplanlegging og presentere foreløpige resultat.

## **Prinsipp for helse og velferdsplanlegging**

For å kunne lage ei felles tilnærming til helse og velferdsplanlegging i økologisk mjølkeproduksjon, er det nødvendig å identifisere nøkkelpriinsipp. Det er viktig at metoden er uavhengig av produksjon og landegrensar, og kan tilpassast til all type planlegging på gardsnivå.

### **Kontinuerlig forbetring**

Velferdsplanlegging bør vere ein kontinuerleg prosess der målet er konstant betring av dyras helse og velferd. Først må fokusområdet bli vurdert og registrert slik at eventuelle endringar kan dokumenterast. Gardbrukaren må få laga ei plan for korleis betre situasjonen og kva (målbare) mål han/ho vil oppnå, basert på gards-spesifikk kunnskap. Etter ei tid må ein vurdere om måla er nådd med ny vurdering og registrering og eventuelt revidere plana. Ei dyrehelse og velferdsplan bør vere eit arbeidsreiskap og hjelpe gardbrukaren til å halde fokus og stimulere til kontinuerleg utvikling og forbetring av dyras helse og velferd.

### **Spesifikk for garden**

For at planlegginga og planane skal være relevante er det viktig at dei er basert på reelle data frå garden og systematisk vurdering av eigne dyr. Dette kan være helse og produksjonsdata frå kukontrollen, og velferdsvurdering av besetninga ved å sjå på både dyrebaserte parametre, omgivelsane og drifta. Planane skal også være spesifikke for garden ved at ønska, behov og prioriteringar til gardbrukar og andre ansvarlege personar i drifta ligg til grunn.

### **Gardbrukaren skal eige prosessen**

Det er viktig at gardbrukaren si oppfatting, meining og kunnskap om eventuelle problem i besetninga styrer prosessen. Dersom gardbrukaren ikkje ser kva problemet er eller ikkje er enig i dei prioriteringane som blir satt i velferdsplana er det lite sannsynleg at forbetringane blir gjennomført på ein god måte. Diskusjonsgrupper, fjøsskular eller liknande kan hjelpe gardbrukaren til å identifisere helse og velferdsproblem.

### **Ekstern person**

Sjølv om gardbrukaren sjølv må styre planleggingsprosessen vil råd eller vurdering utanfrå gi eit objektivt syn utanfrå som kan betre prosessen, særleg ved å identifisere problem og løysingar, og samtidig kunne gi inspirasjon. Dette kan vere ein veterinær, rådgjevar eller andre gardbrukarar. Det er viktig å avklare kva rolle den eksterne personen har i forhold til gardbrukaren. Det er forskjell på om ein

opptrer som inspektør, rådgjevar eller fasilitator. Dersom det er ein kjent person som har kome til garden i andre samanhengar, for eksempel ein veterinær, er det ekstra viktig å få sagt ifrå om han/ho har ein annan rolle denne gongen.

### **Ekstern kunnskap**

I tillegg til kunnskap om eiga besetning er det viktig å dra inn kunnskap utanfrå i prosessen. Det kan være kunnskap frå fagblad eller erfaringar frå nabo eller andre kollegaer, eller råd og kunnskap hos rådgjevar eller veterinær.

### **Tenke system og økologiske prinsipp**

Ei plan basert på kunnskap om garden og spesifikke anbefalingar for forbetring er relevant for helse- og velferdsplanlegging i både økologisk og konvensjonell husdyrproduksjon. I planlegging på økologiske bruk bør ein derimot i tillegg ha fokus på dei økologiske prinsippa og tenke dyra som ein del av heile gardssystemet, som igjen er ein del av andre system.

### **Skriftleg**

Velferdsplanlegginga bør innebere ein skriftleg plan slik at eit lett kan gå tilbake og sjå kva mål som er satt og kva tiltak som skal gjennomførast. Det er viktig at alle som er involvert er einige om det som står. Ei skriftleg plan kan brukast som dokumentasjon til andre og arbeidsreiskap for ein sjølv.

### **Anerkjenn positive sider**

I planleggingsprosessen bør ein også gå igjennom kva som fungerer på garden og framheve det som fungerer ekstra godt. Det kan være lure løysingar på for eksempel kalveoppstalling eller føring som gjerne også andre kan dra nytte av. I ein fjøsskule blir dette praktisert ved at vertsgarden presenterer to suksesshistorier i tillegg til ei utfordring for dei andre. Det kan vere demotiverande å berre fokusere på det som ikkje fungerer i drifta. Å anerkjenne positive sider kan stimulere til innovasjon og styrke gardbrukaren sitt eigarskap i prosessen.

### **Involvere relevant persons**

Når ein skal legge planer for korleis ein skal sikre gode forholda til dyra på garden er det viktig at alle relevante personar er med. Det hjelp lite om den som eig garden set opp mål og tiltak for drifta dersom det er ein annan som er røktar i fjøset.

## **Resultat frå velferdsplanlegging**

I prosjektet vart alle gardane gjennomgått med ein helse- og velferdsprotokoll og produksjons- og helsedata vart samla inn, som status før planleggingsprosessen starta. Etter eitt år i prosjektet vart alle gardane gjennomgått på same måte. Det vart bruka ulike metodar, og forholda mellom land og gardar var forskjellige. Alle

hadde derimot fylgt dei felles prinsippa for velferdsplanlegging i ANIPLAN. Resultata viser at bruken av medisinar gikk ned (Ivemeyer et al., In prep.). Samtidig såg ein forbetra jurhelse (lågare celletal), men uendra helsesituasjon med omsyn til stoffskiftesjukdomar og fruktbarheit. Det vart også sett på velferdsparameter som reinhald av dyr, beinproblem, åtferd, rutinar osv (Gratzer et al., In prep.). Her var det ikkje eintydig forbetring i løpet av det eine året.

Eitt år er kort tid og eit resultat av god planlegging vil ein ofte ikkje sjå før etter fleire år. Auka fokus på eit område som for eksempel beinproblem vil kunne avdekke fleire dyr som har problemet og dermed blir fleire dyr behandla, før det etter kvart kan bli betre når det er satt inn tiltak.

Konseptet for velferdsplanlegging vart godt mottatt hos gardbrukarane som var involvert i ANIPLAN- utprøvinga. Ei evaluering viste at det vart sett på som nyttig å få ein kontinuerleg prosess med vurdering og identifisering av utfordringar, diskutere løysingar, gjere tiltak og igjen re-evaluere (Annex 8, ANIPLAN final report). Det vart sett på som viktig med god kvalitet på råda som vart gitt, nyttig med ekstern person, praktisk relatert og god atmosfære, i tillegg til at det vart sett på som nyttig å få samanlikne egne resultat med andre.

## Konklusjon

Utprøvinga av prinsippa for helse og velferdsplanlegging på økologiske mjølkeproduksjonsbruk har vist at prinsippa kan fungere på tvers av landegrenser og produksjonsmåtar. Prinsippa vil også lett kunne tilpassast konvensjonell produksjon. I tillegg er prinsippa for velferdsplanlegging ein pedagogisk måte å jobbe på som kan være aktuell også i andre fagområde.

## Referansar

Gratzer, E., Whistance, L.K., Winckler, C., in preparation. *Baseline-study.*

Henriksen B.I.F., Hansen I., Gjestvang J., Tverås B., 2008. *Velferdsvurderingar i LiA*

Ivemeyer S., Smolders G., Walkenhorst M., in preparation. *Effects of health and welfare planning on medicine use, health and production in European organic dairy farms.*

NAHWOA Final Report, 2001. *Network for animal health and welfare in organic agriculture.* <http://www.veeru.reading.ac.uk/organic/Final.htm>

Rymer, C., Vaarst, M., Padel, S., (Eds.) 2006. *Future perspective for animal health on organic farms: main findings, conclusions and recommendations from SAFO Network. Proceedings of 5th SAFO Workshop, Odense, Denmark., University of Reading.*

Vaarst, M., Nissen, T.B., Østergaard, S., Klaas, I.C., Bennedsgaard, T.W., Christensen, J., 2007. *Danish Stable Schools for Experiential Common Learning in Groups of Organic Dairy Farmers. Journal Dairy Science, 90, pp. 2543-2554.*